

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020**

**Noralf Distad (H)** reiste spørsmål kring eiga habilitet då han er medlem i styret i Fjord Norge AS 2021. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Distad er ugild til å delta i saksbehandlinga, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Distad deltok ikkje i saksbehandlinga.

### **Avrøyting**

Det var 16 medlemer til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Innstillinga til fylkestinget**

1. Vestland fylkeskommune godkjenner framlegg til ny avtale med Fjord Norge AS.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å signere avtala.